

Flott gapahuk ved Fjellandsbøvatnet.

26.12.2015



Flott samlingsstad ved Fjellandsbøvatnet.

I løpet av hausten har det vorte bygd ein særdeles flott og romsleg gapahuk ved Fjellandsbøvatnet. Den er plassert omtrent der båtane pleier å liggja, og der dei fleste samlar seg på fine vinterdagar når det er skeiseis på vatnet. Det er like i nærleiken av der dei har tradisjon for å brenna bål kvar jonsokafta.



Gapahuken går fint inn i terrenget.

Det er Sigmund Myklebust som har sytt for materialar og utstyr, og gjort det store arbeidet med bygginga av gapahuken. Den er 'sydd' flott i saman med terrenget, og såleis vert den ikkje skjemmande på nokon måte.

Utanfor opninga til gapahuken er det laga eit steinbord med steinbenker til. Der sat fleire barnefamiliar og kosa seg i sola då eg var oppom på føremiddagen 2.juledag.

Inne i gapahuken var det stabla langbord og tilhøyrande benker. Midt i rommet er det omn til vedfyring, og i tillegg kunne eg sjå ein grill der. Taket og eine veggsida er dekkja med torv slik at bygget går fint i eitt med terrenget. I veggen ned mot dalen er der store vindauga som sikrar både lys og utsikt.

På spørsmål frå uskedalen.no korleis han såg på at andre brukte det, sa Sigmund at det var med tamke på at alle skulle kunna bruka den og ha glede av den at han hadde bygt gapahuken. Dermed kunne ein ha det koseleg ved vatnet sjølv om veret var litt surt. Jammen meg er det flott gjort av grunneigaren for at alle skal få glede av det praktfulle området ved Fjellandsbøvatnet.



Koseleg transport heim for dei minste då sola var i ferd med å gå bak Ulvanåso

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland